



Møteprotokoll

Utval: Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
Stad: Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato: 11.02.2019
Tid: 09:00 - 12:40

Medlemer som møtte:

Marianne Sandahl Bjørøy	Leiar	AP
Kari-Anne Landro	Nestleiar	H
Egil Haaland	Medlem	AP
Tom Georg Indrevik	Medlem	H – kom til sak 2/19
Ernst Morten Einarsen	Medlem	H
Svein Petter Bergh	Medlem	SL – kom under sak 2/19
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Olav Kobbeltveit	Medlem	V
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
May Elin Limevåg	Medlem	FRP
Jogeir Sognnæs	Medlem	AP
Kjell Arve Vorland	Medlem	SP
Silvia Haugland	Medlem	Uavhengig
Espen Harkestad	Medlem	AP
Ingrid Marie Toft	Medlem	H

Forfall:

Odd Bjarne Skogestad	MEDL	KRF
Børge Haugetun	MEDL	TVØ

Varamedlemer som møtte:

Kristin Brennhaug	for Odd Bjarne Skogestad	KRF
Ottar Vik	for Børge Haugetun	TVØ
Ørjan Telle	for Jogeir Sognnæs, sak 4/19	AP

Andre:

Prosjektrådmann Rune Lid, prosjektleiar Kristina Espeseth, kommunepsykolog Trude Senneseth, einingsleiar Familiens hus Anna Nesje Nes, senioradvokat Henrik Lande frå Harris advokatfirma AS, møtesekretær Unni Rygg.

Kari-Anne Landro

Marianne Sandahl Bjørøy

underskrifter

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 1/19	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 2/19	Referatsaker og orienteringar
PS 3/19	Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda
PS 4/19	Orienteringssak - administrativ organisering nivå 2
PS 5/19	Uttale til budsjettet 2019 og økonomiplan 2020-2022 for dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden
PS 6/19	Val av leverandør av renovasjonstenester
PS 7/19	Oppretting av interimstyre Sund VA og FjellVAR m.m.
PS 8/19	Utkast til vedtekter for føretaket "Øygarden Brann- og redning (KF)"
PS 9/19	Lokaldemokrati og identitet - rapport frå arbeidsgruppa - rekneskap 2018 - budsjett 2019
PS 10/19	Overgang til Nye Øygarden kommune

PS 1/19 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.02.2019:

Det var 15 medlemmer til stades ved møtestart då Tom Georg Indrevik og Svein Bergh mangla.

Innkalling og protokoll frå førre møte (17.12.18) vart godkjente utan kommentar.

Sakslista vart godkjent med kommentar frå leiar Marianne Sandahl Bjørøy om å endre rekkefølga slik at sak 6 og 7 vert skyve fram og behandla etter orienteringar i sak 2, grunna ekstern kompetanse til stades i møtet.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.02.2019:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte vert godkjente.

PS 2/19 Referatsaker og orienteringar

Referatsaker og orienteringar

- Orientering om StimuLab-prosjektet «Samordna teneste for utsette barn og unge og deira pårørande – ny teneste i ny samanslått kommune» v/ prosjektleiar Kristina Espeseth
- Orientering om prosjektstatus Nye Øygarden kommune v/ prosjektrådmann Rune Lid
- Orientering om hovudprosjekta v/ prosjektleiarar

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.02.2019:

Tom Georg Indrevik kom til møtet ved byrjinga av behandlinga av denne saka.

Orientering om StimuLab-prosjektet «Samordna teneste for utsette barn og unge og deira pårørande – ny teneste i ny samanslått kommune» v/ prosjektleiar Kristina Espeseth
Espeseth viste til tenestedesign som arbeidsmetodikk der brukaren sitt behov er i sentrum, og der løysingane som skal møte behova ikkje er kjente i forkant. Målgruppa er barn og unge som treng koordinerte og samordna tenester. Med brukarinvolvering, der utvalte brukarar og pårørande vert intervjuet og deltek i forsøk, er det viktig med tillit til prosessen og forankring både politisk og administrativt. Espeseth la også fram plan for prosjektet, og målsettinga med rett hjelp til rett tid for brukar involvert og overføring av kompetansen til andre fagfelt. *Etter presentasjonen kom det kommentarar om tålmod med verknad ved førebyggjande tiltak. Det vart også stilt spørsmål om tidsperspektivet for prosjektet sett opp mot organiseringa og ev. eiga eining i den nye kommunen. Espeseth viste til at prosjektet vil vere klart i løpet av 2019 og kunne implementerast frå 2020.*

Svein Bergh kom til møtet når prosjektrådmannen skulle byrje si orientering og fellesnemnda var såleis fulltalig resten av møtet.

Orientering om prosjektstatus Nye Øygarden kommune v/ prosjektrådmann Rune Lid
Lid viste til at den administrative organiseringa må tilpassast sentrale mål for kommunesamanslåinga. I tillegg vil det vere vesentleg med tydeleg organisering og styring gjennom to-nivåmodell og tilstrekkeleg leiartettheit, med felles og kjente prinsipp på tvers av organisasjonen. Lid viste til at det heile tida må jobbast med organisasjonsendring, basert på evaluering, for å sikre at organisasjonen utviklar seg i ynskja retning. Prosjektplanen vart deretter presentert med tidslinje for dei ulike fasane. Lid la vekt på at alle sluttrapportane som er levert frå hovudprosjekta skal vurderast og sjåast i samanheng for å sikre at politiske føringar er følgt opp, før prosjektrådmannen utarbeider forslag til administrativ organisering til møtet i fellesnemnda 11.mars.

- Kari-Anne Landro kom med følgjande statusmelding om Regionrådet Vest: Regionrådet Vest har møte 11.februar. På sakslista står mellom anna «Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane 2019». Det har blitt sendt inn søknad om midlar til felles prosjekt frå kommunane Fjell, Sund og Øygarden som omhandlar førebyggjande rustiltak for ungdom; digitalisering i omsorgstenesta; rehabilitering; og samarbeidsarena for kompetanse og arbeidskraft der også Askøy kommune er med.

Referatsaker og orienteringar vart deretter tekne til orientering.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.02.2019:

Referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering.

PS 3/19 Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.02.2019:

Det var ikkje sendt inn spørsmål frå medlemmer av fellesnemnda i forkant av møtet, og det vart

heller ikkje stilt spørsmål under behandlinga av saka.

PS 4/19 Orienteringssak - administrativ organisering nivå 2

Innstilling:

1. Fellesnemnda tek rapportane til orientering.
2. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen vurdere følgjande innspel til vidare arbeid:
 - a.
 - b.
3. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen setja i verk organiseringa, gjeldande frå 1.1.2020 i Nye Øygarden kommune, i samsvar med delegasjon.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.02.2019:

Jogeir Sognnæs bad fellesnemnda vurdere om han er ugild til å behandle saka då han har vore aktiv i nemnte prosjekt som leiar og deltakar. Fellesnemnda vurderte Sognnæs som ugild. Sognnæs gjekk frå møtebordet og vara Ørjan Telle tok hans plass.

Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy opna for generelle innspel frå fellesnemnda og innspel basert på prinsipielle spørsmål i prosjektrapportane;

Generelt:

- Samarbeid i organisasjonen er vesentleg
- Brukaren sitt perspektiv er viktig
- Lokalisering av tenester bør avklarast så snart som mogleg, ikkje vente til oktober månad dersom det allereie no er fastsatt, med omsyn til dei tilsette.
- Ynskje om å få ny presentasjon frå Kjetil Århus om digitalisering til neste møte i fellesnemnda
- Kva nivå skal kommunen legge seg på? Økonomisk må kommunen vere effektiv og drive rimelegare, jf. om inntekter frå eigedomsskatt gå til investering infrastruktur og ikkje til drift. Kostnadmessig bør kommunen ligge på ein mellomgraf, som i dag tilsvararar Fjell eller Sund sin bruk pr. innbyggjar, og som igjen gjev føringar for organiseringa.
- Skal alt gjennomførast på ein gong? Politisk forståing for at dagleg drift som lønn, saksbehandlarsystem m.m. må ha hovudfokus for at kommunen skal kunne fungere frå 1.1.2020.
- Samarbeid og samordning av tenestane, til beste for brukaren, må ligge til grunn for alt som vert gjort i kommunen.

Prosjektgruppe Organisasjon og digitalisering

- Innbyggjartorg bør koplust opp mot felles eining med overordna oppdrag, som organisasjon & digitalisering.
- Innbyggjartorg skal ha ytre tenester – det er vesentleg at prosjektrådmannen raskt avklarar kva tenester og areal det er behov for i innbyggjartorga. På same vis bør tilsette og deira roller avklarast, faste eller ambulerande kontor og kvar dei skal jobbe.
- Beredskapsleiar bør ligge under rådmannen då er sektorovergripande
- Sjå heile beredskapsbildet under eitt – også brannvesenet jf. organisert som KF
- Informasjonsleiar bør truleg ligge under rådmannen; men bør også vere del av eit større fagmiljø

- Kommuneadvokatane bør ligge under organisasjonsleddet, ein del av fellestenestane; har uansett mange oppgåver knytt til politisk arbeid
- IKT bør vere ein del av ny eining «Innovasjon og digitalisering»
- Lønn kan vere naturleg å plassere under personal, men vurder kvar samhandlinga er sterkast i høve personal eller økonomi

Prosjektgruppe Helse og Velferd

- Nøkkeltala for ressursbruken viser økonomiske utfordringar
- Behov for systematisk innsats brukar – pårørande
- Koordineringscenter er positivt

Prosjektgruppe Oppvekst

- Organisasjonsmodellen presentert, med nye løysingar, må også vere i stand til å stå i det
- Bemanning innan tenesteområda i samsvar med nasjonale normer må også visast igjen i budsjettet
- Nye Øygarden kommune har ansvar for alle barna og unge busett i kommunen, uavhengig av om privat eller kommunal aktør innan tenesteområda, og det må visast igjen i planane
- Barnevern er viktig satsingsområde framover, og krev samordning mellom tenestane for å bryte ned silotenkinga i tillegg til å løfte status for barnevern og auke lønna til tilsette
- Barnevern som yrke, på line med anna offentleg tenesteproduksjon, vil med auka status og høgre lønn vere meir attraktiv uansett kjønn og bakgrunn, noko som igjen styrkar fagkompetansen og gir betre vern for barna
- Støtter forslaget til prosjektgruppa om å ha alle barn og unge under eininga Oppvekst

Prosjektgruppe Kultur & Samfunn

- Spenstig idé med «Bergensavdeling», felles kontordag for dei som bur utanfor kommunen
- Behov for å plassere det internasjonale ansvaret ein stad, ikkje nødvendigvis internasjonalt kontor, og det kan gjerne vere her hos Kultur & Samfunn
- Næring og næringsutvikling bør vente med å avklare til annan avklaring knytt til næringsutviklingselskap, men bør vere eit fyrtårn jf. intensjonsavtala
- Kulturskulen bør leggjast inn under Oppvekst jf. lovheimla pedagogisk opplæring, og bør verte eige satsingsområde med eigen identitet
- Kultur og identitet sin meirverdi, som vist til i intensjonsavtala, bør sjåast igjen i organisasjonen

Prosjektgruppe Økonomi

- Vurdering av eigeninkasso i regi av Kemnaren og ev. innkrevjingsavdeling er ikkje tidfesta med frist, noko som er ynskjeleg saman med klargjering om korleis utnytte ressursane kommunane har i dag
- VAR-selskapa er AS og må kunne styre seg sjølve jf. punkt om Kemnaren skal utvidast til innkrevjingsavdeling for kommunen og VAR-selskapa
- Ros for reduserte leiarstillingar

Prosjektrådmann Rune Lid takka for innspela som kom fram i møtet. Det vart samstundes ytra ynskje om å kunne kome med fleire innspel til prosjektrapportane i ettertid.

Framlegg frå Tom Georg Indrevik om nytt punkt 2):

2. Fellesnemnda ber om frist til 15. februar 2019 for å få sjanse til å komme med skriftlege innspel til prosjektrådmannen, som vi ber prosjektrådmannen vurdere. Innspela skal følgje saka vidare.

Etter avklaring frå prosjektrådmann Rune Lid om at ei slik utsetjing er uproblematisk, vart fellesnemnda samde om å vedta nytt punkt 2. Innstillinga punkt 1 og 3 vart også samrøystes vedtekne.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.02.2019:

1. Fellesnemnda tek rapportane til orientering.
2. Fellesnemnda ber om frist til 15. februar 2019 for å få sjanse til å komme med skriftlege innspel til prosjektrådmannen, som vi ber prosjektrådmannen vurdere. Innspela skal følgje saka vidare.
3. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen setja i verk organiseringa, gjeldande frå 1.1.2020 i Nye Øygarden kommune, i samsvar med delegasjon.

PS 5/19 Uttale til budsjettet 2019 og økonomiplan 2020-2022 for dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden

Innstilling:

Fellesnemnda for nye Øygarden kommune gjev slik uttale:

1. Driftsbudsjetta: Budsjettetert samla netto driftsresultat for 2019 er svekka i høve til tidlegare år. Eingongsutgifter og store investeringar, som til dømes Øygarden lokalmedisinske senter, er medverkande årsaker. Samla driftsbudsjett er stramt og krevjande og noko unna målsetjinga om økonomisk balanse. Meirforbruket vert mellom anna finansiert ved bruk av fondsmidlar.
2. Investeringsbudsjetta. Samla investeringar i 2019 utgjer omlag 525 mill kr noko som legg press på drifta. Investeringane er i samsvar med dei framtidige behov for tenester. Budsjettetert investeringsnivå for 2020 og utover er langt lågare.
3. Intensjonsavtalen har klare mål om å få økonomien i balanse og for å realisere dette vil det krevjast stram prioritering både i drift og investering dei neste åra.
4. Fellesnemnda vil få orientering om økonomisk drift frå kvar kommune i møta framover.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.02.2019:

Ernst M. Einarsen etterlyste rom for politisk diskusjon om budsjettet. Prosjektrådmann Rune Lid viste til at fellesnemnda bør ha eige budsjettseminar i forkant av politisk handsaming av budsjettet.

Innstillinga vart deretter samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.02.2019:

Fellesnemnda for nye Øygarden kommune gjev slik uttale:

1. Driftsbudsjetta: Budsjettetert samla netto driftsresultat for 2019 er svekka i høve til tidlegare år. Eingongsutgifter og store investeringar, som til dømes Øygarden lokalmedisinske senter, er medverkande årsaker. Samla driftsbudsjett er stramt og krevjande og noko unna målsetjinga om økonomisk balanse. Meirforbruket vert mellom anna finansiert ved bruk av fondsmidlar.
2. Investeringsbudsjetta. Samla investeringar i 2019 utgjer omlag 525 mill kr noko som legg press på drifta. Investeringane er i samsvar med dei framtidige behov for tenester. Budsjettetert investeringsnivå for 2020 og utover er langt lågare.
3. Intensjonsavtalen har klare mål om å få økonomien i balanse og for å realisere dette vil det krevjast stram prioritering både i drift og investering dei neste åra.
4. Fellesnemnda vil få orientering om økonomisk drift frå kvar kommune i møta framover.

PS 6/19 Val av leverandør av renovasjonstenester

Innstilling:

1. Fellesnemnda syner til notatet frå Harris advokatfirma AS dat 21.12.2018 . Fellesnemnda gjer vedtak om at det vert gjennomført avklaringsrundar med BIR AS, jamfør notatet, slik at alle naudsynte føresetnader, premisar og konsekvensar er kjente før fellesnemnda tek endeleg avgjerd om renovasjonsleverandør.
2. Fellesnemnda vedtek samstundes å gå nærare gjennom kontraktane til FjellVAR AS så snart som råd er. Dette for å førebu eventuell konkurranseutsetting dersom FjellVAR (ØyVAR i 2020) vert vald.
3. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen saman med Harris advokatfirma AS om å utgjera eit forhandlingsutval som utfører oppdraga, jamfør punkt 1 og 2 i innstillinga. I tillegg vel fellesnemnda eit medlem som representant til forhandlingsutvalet.
Fellesnemnda vel:.....
4. Fellesnemnda fattar endeleg avgjerd om renovasjonsleverandør når naudsynte avklaringar er gjennomførte. Ei ny sak med fullstendige og oppdaterte opplysningar vert utarbeidd på basis av resultatata av avklaringane.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.02.2019:

Harris advokatfirma AS var representert med senioradvokat Henrik Lande i møtet. Fellesnemnda ynskte avklaring frå Lande om ev. gildskap for valte representantar til forhandlingsutvalet. Lande gav ei førebels avklaring om at forhandlingsutvalet berre vil vere eit klargjerande utval, og at representantar såleis vil vere gilde ved seinare avgjersler i etterkant. Med bakgrunn i førebels avklaring vart det semje i fellesnemnda om at kvar eigarkommune v/ordførar i Fjell og Sund kommune, Marianne Sandahl Bjørøy og Kari-Anne Landro, vart valde som representantar til forhandlingsutvalet i punkt 3 i innstillinga.

Innstillinga vart elles samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.02.2019:

1. Fellesnemnda syner til notatet frå Harris advokatfirma AS dat 21.12.2018 . Fellesnemnda gjer vedtak om at det vert gjennomført avklaringsrundar med BIR AS, jamfør notatet, slik

- at alle naudsynte føresetnader, premisser og konsekvensar er kjente før fellesnemnda tek endeleg avgjerd om renovasjonsleverandør.
2. Fellesnemnda vedtek samstundes å gå nærare gjennom kontraktane til FjellVAR AS så snart som råd er. Dette for å førebu eventuell konkurranseutsetting dersom FjellVAR (ØyVAR i 2020) vert vald.
 3. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen saman med Harris advokatfirma AS om å utgjera eit forhandlingsutval som utfører oppdraga, jamfør punkt 1 og 2 i innstillinga. I tillegg vel fellesnemnda to medlemmer som representantar til forhandlingsutvalet.
Fellesnemnda vel: ordførar Marianne Sandahl Bjorøy og ordførar Kari-Anne Landro.
 4. Fellesnemnda fattar endeleg avgjerd om renovasjonsleverandør når naudsynte avklaringar er gjennomførte. Ei ny sak med fullstendige og oppdaterte opplysningar vert utarbeidd på basis av resultatane av avklaringane.

PS 7/19 Oppretting av interimstyre Sund VA og FjellVAR m.m.

Innstilling:

1. Fellesnemnda vedtek at det skal opprettast eit interimsstyre for selskapa Sund VA og Fjell VAR med 5 medlemmar. Styra i selskapa peikar ut eitt styremedlem kvar. Kwart av selskapa peikar ut eitt medlem av og blant dei tilsette. Øygarden kommune peikar ut eit medlem som skal representere kommunen. Interimsstyret vel sjølv sin leiar blant eigarrepresentantane.
2. Fellesnemnda gjev interimsstyret slikt mandat:
 - avgjera prosess for tilsetting og foreta tilsetting av dagleg leiar i det samanslåtte selskapet;
 - vedta budsjett og forslag til gebyrforskrift for 2020
 - avgjera spørsmål om organisering av det samanslåtte selskapet.

Den som blir valt til dagleg leiar skal leia arbeidet med å utarbeide budsjett og gebyrforskrift samt den interne organiseringa av det samanslåtte selskapet.

Kostnadene vert fordelt og dekkja av selskapa i høvet til det folketal dei leverer tenester til før samanslåinga. Prosjektrådmannen peikar ut ressurs frå staben som skal ivareta sekretærfunksjonen.

For sakshandsaming i interimsstyret gjeld aksjelova.

3. Fellesnemnda vedtek at fusjonen vert utsett (nokre mnd ut i 2020), slik at denne kan gjennomførast med rekneskapssmessig kontinuitet, jamfør saksutgreiinga.
4. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen å utgreia omdanningsalternativet vidare, jamfør saksutgreiinga.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.02.2019:

Etter ein diskusjon vart det semje om å endre innstillinga punkt 1, fjerde setning, til «Øygarden kommune peikar ut ein *politisk representant* som skal representere kommunen».

Innstillinga vart elles samrøystes vedteken med denne justeringa av punkt 1.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.02.2019:

1. Fellesnemnda vedtek at det skal opprettast eit interimsstyre for selskapa Sund VA og Fjell VAR med 5 medlemmar. Styra i selskapa peikar ut eitt styremedlem kvar. Kvar av selskapa peikar ut eitt medlem av og blant dei tilsette. Øygarden kommune peikar ut ein politisk representant som skal representere kommunen. Interimsstyret vel sjølv sin leiar blant eigarrepresentantane.
2. Fellesnemnda gjev interimsstyret slikt mandat:
 - avgjera prosess for tilsetting og foreta tilsetting av dagleg leiar i det samanslåtte selskapet;
 - vedta budsjett og forslag til gebyrforskrift for 2020
 - avgjera spørsmål om organisering av det samanslåtte selskapet.

Den som blir valt til dagleg leiar skal leia arbeidet med å utarbeide budsjett og gebyrforskrift samt den interne organiseringa av det samanslåtte selskapet.

Kostnadene vert fordelt og dekkja av selskapa i høvet til det folketal dei leverer tenester til før samanslåinga. Prosjektrådmannen peikar ut ressurs frå staben som skal ivareta sekretærfunksjonen.

For sakshandsaming i interimsstyret gjeld aksjelova.

3. Fellesnemnda vedtek at fusjonen vert utsett (nokre mnd ut i 2020), slik at denne kan gjennomførast med rekneskapssmessig kontinuitet, jamfør saksutgreiinga.
4. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen å utgreia omdanningsalternativet vidare, jamfør saksutgreiinga.

PS 8/19 Utkast til vedtekter for føretaket "Øygarden Brann- og redning (KF)"

Innstilling:

1. Fellesnemnda legg til grunn at utkastet til vedtekter for Øygarden brann- og redning KF, jamfør saksutgreiinga, kan vera eit godt utgangspunkt for eit endeleg vedtektsframlegg.
2. Fellesnemnda sender forslaget over til Øygarden brann- og redning IKS (ØBR IKS) for vidare diskusjon, drøfting og uttale. Fellesnemnda ber om tilbakemelding innan 15. april 2019.
3. Fellesnemna syner til dokumenta «Driftsavtale» og «Verksemdsplan» for Ålesund brannvesen KF, sjå vedlegg til saka. Desse kan også vera modell for tilsvarande dokument i Øygarden kommune.
4. Fellesnemnda ber ØBR IKS utarbeida eit forslag til verksemdsplan. Forslaget må vera innlevert innan 15. april 2019.
5. Fellesnemnda gjer endeleg vedtak om vedtekter, verksemdsplan og driftsavtale i sitt junimøte etter at prosjektrådmannen har samanfatta innspela og gitt si tilråding.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.02.2019:

Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy viste til innspel frå prosjektrådmannen om å justere innstillinga punkt 4, fyrste setning, til «Fellesnemnda ber ØBR IKS utarbeide eit forslag til driftsavtale og verksemdsplan».

Innstillinga vart elles samrøystes vedteken med denne justeringa av punkt 4.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.02.2019:

1. Fellesnemnda legg til grunn at utkastet til vedtekter for Øygarden brann- og redning KF, jamfør saksutgreiinga, kan vera eit godt utgangspunkt for eit endeleg vedtektsframlegg.
2. Fellesnemnda sender forslaget over til Øygarden brann- og redning IKS (ØBR IKS) for vidare diskusjon, drøfting og uttale. Fellesnemnda ber om tilbakemelding innan 15. april 2019.
3. Fellesnemna syner til dokumenta «Driftsavtale» og «Verksemdsplan» for Ålesund brannvesen KF, sjå vedlegg til saka. Desse kan også vera modell for tilsvarande dokument i Øygarden kommune.
4. Fellesnemnda ber ØBR IKS utarbeida eit forslag til driftsavtale og verksemdsplan. Forslaget må vera innlevert innan 15. april 2019.
5. Fellesnemnda gjer endeleg vedtak om vedtekter, verksemdsplan og driftsavtale i sitt junimøte etter at prosjektrådmannen har samanfatta innspela og gitt si tilråding.

PS 9/19 Lokaldemokrati og identitet - rapport frå arbeidsgruppa - rekneskap 2018 - budsjett 2019

Innstilling:

1. Fellesnemnda tek rapporten og rekneskapen for 2018 til orientering
2. Fellesnemnda vedtek budsjettet for 2019, og løyver kr 510 000 slik det går fram av saksutgreiinga.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.02.2019:

Tom Georg Indrevik viste til saksframlegget og tilråding frå arbeidsgruppa som inkluderte midlar på kr 200 000 til stand på Offshore Technology Days (OTD) i Stavanger Forum. Med dette som bakgrunn kom Indrevik med framlegg om nytt punkt 2:

2. Fellesnemnda vedtek budsjettet for 2019, og løyver kr 710 000 slik det går fram av saksutgreiinga.

Før avstemming vart det semje om at framlegget vil medføre ny sak om korleis stand på OTD bør organiserast med endeleg kostnadsramme, og det vart ført opp som tillegg til punkt 2.

Framlegget vart deretter sett opp mot innstillinga punkt 2. Framlegget fekk 11 røyster (mindretalet: 4 AP, 1 SP, 1 V) og vart vedteke som nytt punkt 2.

Innstillinga punkt 1 vart elles samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.02.2019:

1. Fellesnemnda tek rapporten og rekneskapen for 2018 til orientering
2. Fellesnemnda vedtek budsjettet for 2019, og løyver kr 710 000 slik det går fram av saksutgreiinga. Det vert lagt fram eiga sak om organisering av stand på OTD.

PS 10/19 Overgang til Nye Øygarden kommune

Innstilling:

1. Fellesnemnda tek sak om «Overgang til Nye Øygarden kommune» til orientering og legg føringane i saka til grunn for det vidare arbeidet med overgangen til den nye kommunen.
2. Det vert oppretta ein programkomité som utarbeider ein arrangementsplan og budsjett for å finansiera tiltaka. Budsjettet vert lagt fram for godkjenning i fellesnemnda.
3. Programkomiteen vert samansett av dei tre ordførarane og lag og organisasjonar i tillegg til representantar frå administrasjonen. Kommunalsjef for kultur og samfunn peikar ut to representantar frå kulturavdelingane i kommunane og tre representantar frå lag og organisasjonar. Prosjektrådmannen peikar ut administrative ressursar i komiteen. Leiar av fellesnemnda leiar komiteen.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.02.2019:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.02.2019:

1. Fellesnemnda tek sak om «Overgang til Nye Øygarden kommune» til orientering og legg føringane i saka til grunn for det vidare arbeidet med overgangen til den nye kommunen.
2. Det vert oppretta ein programkomité som utarbeider ein arrangementsplan og budsjett for å finansiera tiltaka. Budsjettet vert lagt fram for godkjenning i fellesnemnda.
3. Programkomiteen vert samansett av dei tre ordførarane og lag og organisasjonar i tillegg til representantar frå administrasjonen. Kommunalsjef for kultur og samfunn peikar ut to representantar frå kulturavdelingane i kommunane og tre representantar frå lag og organisasjonar. Prosjektrådmannen peikar ut administrative ressursar i komiteen. Leiar av fellesnemnda leiar komiteen.